Fiskeridirektoratet Biblioteket

I DAG: UNDERVISNING

# FISKAREN

EN AVIS FOR KYST-NORGE

FISKEFARTØY
Prosjektering
Nybygging
Ombygginger
FISKERSTRAND OG ELDØY A/S
Skipskonsulenter — skipstegnekontor.
Kongensgt. 13 — 6000 Ålesund.
Telefon (071) 25 660.

Honeywell ELAC
Alle typer ekkolodd for fiske, navigasjon og forskning.
Snakk med en STK Marineforhandler.
Brinchmann & Co. A/S
Avd. STK Marine

NR. 15 TIRSDAG 24. FEBRUAR 1987 Løssalg kr. 5 64. årgang

## Nedlegging truer Høgskolen i Ålesund



En samlet fiskerinæring slår nå ring rundt Fiskeriteknisk Høgskole i Ålesund. Regjeringen foreslår nemlig å legge ned skolen. Begrunnelsen er at maritim utdanning må reduseres på grunn av krisen i handelsflåten.

— Skolen i Ålesund er den eneste høgskolen i landet som dekker utdanningsbehovet for flåtedelen av fiskerinæringen. I tillegg gir vi utdanning på høgskolenivå innen fiskerindustri og havbruk. Det ville være for galt å legge ned denne skolen på grunn av problemer i handelsflåten, sier rektor Peder Solem.

## Fiskerihøgskule utan eigna lokaler

Det har lenge vorte arbeidd med ei omorganisering av Norges Fiskerihøgskole og for å få realisert eit eige bygg i Tromsø for denne høgskulen. I desse dagar ligg stortingsmeldinga om høgare utdanning til handsaming i Stortinget, og det er venta at komiteinnstillinga for denne meldinga vil vera klar med det første slik at meldinga kan verta handsama i vår.

I mellomtida føregår undervisninga i midlertidige lokaler ved det som vil verte den framtidige fiskerihøgskulen - Institutt for fiskerifag i Tromsø. I dagens avis har me via særskild merksemd til Norges Fiskerihøgskole og til Institutt for fiskerifag som feirar sitt tiårs jubileum i neste månad.

## Fangstinnsaten i Vestisen femdobles

Opplegget for årets selfangst er klart. Fangsten i Vestisen skal femdobles. De fem skutene som deltar i Vestisen kan klare å fange 12.000—13.000 sel. Til sammenlikning er mer enn 30.000 sel tatt opp fra garn hittil under årets fiske. I Østisen deltar 3 skuter og en regner med å fange hele kvoten på 19.000 dyr.

Side 5

*Odd Nakken, Havforskningen:*

# Selbestanden må ned

— Situasjonen med over 30.000 drukna sel i garn langs norskekysten er ei naturtragedie det norske folk ikkje kan vere kjende av. Det sikraste verkemiddelet til å unngå liknande uverdige tilhøve i åra som kjem, er ein kontrollert fangst gjennomført med forsvarlege avlivingsmetodar, seier direktør for Havforskningsinstituttet i Bergen, Odd Nakken, til Fiskaren. — Prøver av selen syner at dyra er svært magre. Av dei byttedyr som selen gjer seg nytte av, er det berre loddebestanden som er observert svært lav. I Vestisen, der selen på norskekysten kjem frå, er det ikkje observert større reduksjonar i bestanden av potensielle byttedyr som selen livnærer seg av. Derimot kan ein slå fast at reduksjonen i fangst av sel må ha ført til auka bestand av ungsel, seier Nakken.

Side 23



**— Ei nasjonal skam at vi tillet ei slik ufatteleg dyretragedie utan å gjere noko med det. No må vi slutte å leite etter syndebukkar og i staden fokusere debatten på korleis ein skal unngå liknande tilhøve i åra som kjem, seier Odd Nakken.**

# Lofotfisket flyttet over til Salten

**Lofotfisket er «snudd på hodet». Båter fra hele kysten, som har kommet for å delta i verdens største torskefiskeri i Lofoten, har måttet returnere til hjemplassen, eller gjort som mange andre: lagt seg på et rikt torskefiske i Meløy-/Salten-området. Bodø havn er nå full av «lofotbåter», både fra selveste Lofoten og fra kysten lenger sør. Fiskemottakene i Salten/Meløy har døgnvakt, og fra Støtt blir det til og med sendt torsk over til Værøy og Røst.**

**Fisket foregår stort sett på Støtthavet, men også i Beiarfjorden driver mange båter. Enkelte går helt inn i Saltenfjorden og får store mengder torsk. Dette har skapt problemer for en del fiskekjøpere som ikke er forberedt på en slik situasjon, og i forrige uke var hurtigruta så lastet med torsk at etter at kjølerommene var fylt, ble dekket fylt opp med fisk. På toppen av det hele måtte hurtigruta gå, uten å få med seg hele kvantumet.**

Side 23

# Lofotfiskerne «pendler» mellom Lofotværene og Støtthavet

FISKARENS NORD-NORGEKONTOR: TORILL MÜNTER

— Noe liknende som dette har jeg aldri opplevd. I en tid hvor «våre» fiskere skulle ha vært i Lofoten, og vi skulle hatt det relativt rolig, har det helt omvendte skjedd: Båter hjemmehørende på Værøy og Røst kommer hit, og båter som bare såvidt har vært i Lofoten, snur og kommer til oss. Vi har hatt opptil 40 fartøyer stasjonert, og de kommer fra Helgeland, Vikna, Trøndelag, Hordaland og Mandal. Dette forteller fiskekjøper *Karl Sørensen* på Støtt i Meløy til Fiskaren.

## Rikt fiske

— Vi har hatt et rikt fiske på Støtthavet og i Salten, men nå har det dabbet av litt. Akkurat nå har vi ikke mer enn om lag 20—25 båter her hos oss, men helt fra januar og inntil fjerde driftsuke av Lofotfisket, hadde vi over 40 båter. Mange har bare såvidt vært i Lofoten, før de har kommet til oss, og vi har hatt telefoner fra flere steder på kysten. Fiskerne vil forhøre seg om mulighetene, og vi har stått på så godt vi kan, sier Sørensen.

Støtt er et lite fiskevær sør for Bodø, og i det lille samfunnet har firma Karl Sørensen klart å mobilisere alt av stort og smått; skoleungdom og husmødre har stilt opp i en uvanlig travel periode for fiskebruket.

Etter Karl Sørensens vurderinger er det mye godt silda som gjør at fisket for Meløy og Salten har vært usedvanlig denne vinteren. Hvorvidt det er skrei eller oppsigstorsk som fanges, er vanskelig å si, mener han.

## Fangster utenfor flystripa!

Fiskerne fanger nå torsk rett utfor flystripa i Bodø, og Karl Sørensen kan også fortelle at han tidligere i sesongen fikk telefon fra Svolvær, hvor fra han ble bedt så «tynt» om å sende en kasse torsk over fjorden.

— To båter med 19 tonn torsk tatt på Støtthavet, ble i forrige uke sendt til Røst for levering, sier Karl Sørensen.

— Jeg har opplevd at vi har hatt bra fiske her i Meløy på denne tiden før også, men aldri at det har vært så stort antall båter over så lang tid. Vi har måttet mobilisere alt vi har av folk, både lørdagene og søndagene, og fiskerne vet at her får de levert uansett når de kommer. Vi har sendt en god del fisk til Lofoten når det har toppet seg opp. Dette er helt omvendt, det hele er snudd på hodet, sier han.

## Mest garn — litt juksa

De fleste fangstene i Salten og Meløy blir tatt på garn, men noen juksabåter har hatt opptil 400 kilo.

— Blir det ikke bedring i Lofoten, må vi bare stå på. Kaiplassen vår er full av båter, og de ligger utenpå hverandre, som i Lofoten. Vi har faktisk problemer med å få ryddet plass til hurtigbåten som kommer hit. Usedvanlig er det også at vi har hatt fangster av uer opptil 1000 — 1300 kilo fra reketrålerne som driver i distriktet. Dette kommer på toppen av torsk og sild. For oss og de andre fiskekjøperne i distriktet har det medført problemer at Hurtigruta har for liten kapasitet til å ta ferskfisken sørover til Bergen. Den har vært fullastet i kjølerommet, og på «blinddager» har vi måttet vente til dagen etter med å sende fisk. Da har hurtigruta hatt dekket fullt, og likevel ikke fått med seg alt.

## Forferdelig selplage

Også i Meløy er selen til stor plage for fiskerne. Men fiskekjøperne får ta sin del av byrden:

— Vi har tatt på land om lag 200 sel til nå, men vi vet jo ikke hvor mye sel fiskerne dumpet før det ble klart med erstatningsordningen, og vi vet heller ikke hvor mye sel som kan bli dumpet før man får det klart om erstatningsordningen skal fortsette, sier Karl Sørensen.

Fiskekjøperne tar imot selen, men alt arbeidet som den fører med seg, må de belaste seg selv:

— Det er mye arbeid med å ta imot selen. Den skal tas på land av våre folk, og hver sel skal føres opp. Der skal foreligge attestasjon fra fisker, merkeregisteret skal føres og selen kan vi ikke ta oss av. Den må vi sende til en dumpingplass lenger sør. Hele forrige helg gikk med til å journalføre dette og sende det til fiskeridirektoratet, og fiskekjøperne får ikke noe, ikke engang portoen, dekket.

## Travelt

Selen er en plage midt i travelheten. Den skal heises på land, og i og med at man ikke kan prekivere selen på noe vis, må fiskekjøperne ta hånd om den.

— Det er etter min oppfatning riktig at vi gjør det, selv om vi ikke vet om vi får noe for jobben. Man kan bare tenke seg hvordan det vil bli langs strendene her når det blir varmere i sjøen og selen flyter opp. Den får gass i seg, og «drukner» ikke ordentlig dersom fiskerne dumper den. Derfor mener jeg vi har plikt til å ta imot dyrene. Vi ser veldig alvorlig på dette problemet, og vi vil nødig ha selkadavre flytende langs land og strand, sier fiskekjøper Karl Sørensen på Støtt i Meløy til Fiskaren.

# Ukens plukkfisk

**FORSVARAREN:**

— Det er greitt at sakgjevne har kalla klagaren ein stut, men ser ein på kjøtprisane, er det snarare ein kompliment enn ei krenking.

**DOMMEREN:**

Vil anklagede fortelle sannheten, ga De kjæresten en ørefik eller gjorde De ikke?

Anklagede: Aldri, herr dommer.

Kjæresten: — Han lyver.

Anklagede: Ti stille, ellers får du deg en til.

**UNG MANN**

i konditoriet:

— Jeg vil gjerne ha tre av de kakene der borte i hjørnet. Hva heter de forresten?

Ekspeditrisen rødmer lett og svarer: Sofie.

**TO ÅRDALSBUER MØTTE**

ei høne som var komen så heilt på vidotta, der ho spaserte på Ryfylkevegen, langt frå næraste gard. Dei undrast på kor ho høyrde heime, fortel Stavanger Aftenblad.

— Hu må sikkert vera frå Fister — for hu e' så spage, slo den eine fast.

**OLSEN**

Da fru Olsen kom til Himmelen, passerte hun en rekke menn som vugget fram og tilbake.

— Det er folk som har vært utro, fikk hun vite. De skal som straff få vugge fram og tilbake 100 ganger for hver gang de ha vært utro.

— Er min mann her også? spurte fru Olsen.

— Nei. Ham bruker vi som vifte i kjøkkenavdelingen.

## OVERGANGER

# ★ Sel-...

HELGA KLEIVA PEDERSEN

— Etter dei opplysningar vi i Havforskningsinstituttet har fått, er omfanget av selinvasjonen i 1987 sannsynlegvis større enn ein nokon gong tidlegare har observert. Grønlandssel har vorte observert langs heile kysten, så langt som til Oslofjord-områda. Godt over 30.000 dyr er fanga i fiskereiskap, etter meldinga måndag. Mesteparten av dette er umogne ungdyr av grønlandssel. Men det er òg registrert ein del vaksne grønlandsselar og enkelte eksemplar av klappmyss og ringsel (snadd), opplyser Odd Nakken til Fiskaren.

Nakken viser elles til at det i Norskehavs- og Barentshavområdet er to hovudbestandar av grønlandssel; bestanden i Vestisen, som held til langs Austgrønlandsisen, og bestanden i Austisen som held til langs iskanten i Barentshavet, med yngleplassar i Kvitsjøområdet.

Nakken meiner det er sannsynleg at dyr frå båe desse bestandane har vore med i selinvasjonen på norskekysten i vinter. Fanga grønlandssel frå Vestisen som er merka, saman med innslaget av klappmyss, tyder på at dyr frå Vestisen både i fjor og i år har utgjort ein stor del av desse førekomstane.

## Auka bestand

— Årleg vert det fanga kring 80.000 sel i Austisen. Av desse tek Sovjetunionen om lag 61.000, medan Noreg fangar kring 19.000 dyr. Dette er vesentleg mindre enn produksjonen, som ein reknar til 130.000 dyr. Bestanden har etter alt å døme auka monaleg dei siste 10 åra, seier Odd Nakken.

I Vestisen var fangsten i 1970-åra og tidlegare kring 10.000-15.000 dyr pr. år av grønlandssel og eit liknande tal klappmyss. I det vesentlege mest ungar av båe artane.

I 1980-åra er denne fangsten vorte sterkt redusert. Og i 1984 og -85 vart det berre fanga 300 og 500 dyr. Denne reduksjonen i fangst av ungar meiner Odd Nakken må ha ført til ein relativt stor auke i bestanden av ungsel i dette området.

## Loddebestand

— Selinvasjonen på norskekysten er ei næringsvandring. Prøver av dyra syner til dels sterkt avmagra dyr. Dette kan tyde på matmangel over heller lang tid. Men det er ingenting som tyder på at dei byttedyra selen livnærer seg på er reduserte, når ein ser bort frå loddebestanden i Barentshavet. Denne er svært redusert, rett nok, seier Odd Nakken.

Men elles understrekar Nakken at selen har eit heller stort spekter av byttedyr; torsk, hyse, sei, sild, reke, polartorsk, blekksprut og amfipoder, reknar han opp. Fleire av desse bestandane har auka dei seinare åra. Og Havforskningsinstituttet har ikkje observert større reduksjonar i bestandane av potensielle byttedyr der. — Når selen er mager, må dette difor først og fremst setjast i samanheng med auka selbestand, seier Odd Nakken.

## Syndebukkar

— Debatten om selinvasjonen bør no vendast bort frå leiting etter syndebukkar. Vi bør heller konsentrere oss om korleis vi skal unngå at liknande dyretragediar som det vi no har sett, får fortsetje. Sjølv kan eg sjå tre mogelege løysingar: Stopp av garnfiske, auka tilgang på mat for selen langs iskanten, og å skyte meir sel på dei tradisjonelle fangstfelta i isen. For eigen del, på bakgrunn av dei opplysningar vi sit inne med om selbestanden, meiner eg kontrollert fangst gjennomført med forsvarlege avlivingsmetodar, er det beste alternativet, seier Odd Nakken.


**BESTILLINGSKUPONG FOR RUBRIKK-ANNONSE I «FISKAREN»**

NAVN:

ADRESSE:

POSTNR./STED:

(Bruk blokkbokstaver)

ANNONSETEKST

ANTALL INNRYKK:

BREV

Svarsendings-merke
Kan sendes ufrankert i Norge
FISKAREN betaler portoen

Svarsending
Avtale nr. 501103/8PB

FISKAREN
5015 BERGEN
DREGGEN

NAVN:

ADRESSE:

POSTNR./STED:

(Bruk blokkbokstaver)

Bestiller herved abonnement på «Fiskaren» og ønsker å betale pr. (sett kryss)

| Pris pr. år: | | | Kun Norge: |
|---|---|---|---|
| Norge | Norden | Utland | Halvår |
| 280.- | 310.- | 425.- | 160.- |

Betales når jeg mottar innbetalingskort fra avisen.
Gjelder til abonnementet blir oppsagt.

BREV

Svarsendings-merke
Kan sendes ufrankert i Norge
FISKAREN betaler portoen

Svarsending
Avtale nr. 501103/8PB

FISKAREN
5015 BERGEN
DREGGEN